

Protokoll frå møte i Vestlandsrådet 19. mai 2021

Møtet vart halde som teamsmøte.

09.00 Opning

v/fylkesordførar og leiar i Vestlandsrådet Tove-Lise Torve

Registrering av faste medlemmar og innkalla varamedlemmar av Vestlandsrådet:

Møre og Romsdal		
Tove-Lise Torve (Ap)		
Per Vidar Kjølmoen (Ap)		
Randi Walderhaug Frisvoll (Krf)		
Frank Sve (Frp)		
Anders Riise – (H) Forfall	Monica Molvær (H) møtte som vara.	
Jan Ove Tryggestad (Sp)		
Vestland		
Jon Askeland (Sp)		
Natalia Antonia Golis (MDG)		
Anne Gine Hestetun (Ap)		
Trude Brosvik (Krf)	Møtte frå kl. 09.00 – 12.00. Marthe Hammer (SV, vara) møtte frå kl. 12.15	

Silja Ekeland Bjørkly (H)		
Terje Søviknes (Frp)		
Rogaland		
Marianne Chesak (Ap)	Fråverande mellom kl. 10.00 og 11.50. Vara: Unni Fuglestad møtte.	
Arne Bergsvåg (Sp)		
Solveig Ege Tengesdal (Krf)		
Ole Ueland (H)		
Margrete Dysjaland (Frp)		
Alexander Rugert-Raustein, MDG		

Andre møtande:

Kari Nessa Nordtun	Ordfører i Stavanger kommune (deltok i deler av møtet)
Eva Vinje Aurdal	Ordfører i Ålesund kommune
Inge Smith Dokken	Fylkesrådmann i Rogaland
Rune Haugsdal	Fylkesrådmann i Vestland
Ottar Brage Guttelvik	Fylkeskommunedirektør i Møre og Romsdal
Janne Lønsethagen	Samferdselsavdelinga, Møre og Romsdal fylkeskommune
Thorbjørn Aarethun	Vestland fylkeskommune, fylkeskontakt
Dagfinn Aasen	Sekretariatet
Christian Tollefsen Aasen	Sekretariatet

Godkjenning av innkalling

Vestlandsrådets vedtak:

Innkallinga samrøystes godkjend.

Godkjenning av saksliste

Vestlandsrådets vedtak:

Sakslista samrøystes godkjend.

Leiar ønska eksterne deltakarar/innleiarar velkomen til møtet:

Ann Kristin Westberg	Avdelingsdirektør og forhandlingsleiar i NFD
Ingvill Flo	Prosjektleiar for Næringsstrategien, PwC
Sigurd Klyve Grytten	Partner i Zynk
Frode Nergaard Fjeldstad	Agenda Vestlandet

A Møtets faglege del:

«Framtidig utvikling av Vestlandsregionen»

Følgande innlegg vart presentert for rådet, med etterfølgande spørsmålsrunde og kommentarar:

1. Etter Brexit – Forhandlings situasjonen generelt og fiskeriforhandlingene spesielt

Orientering v/Ann Kristin Westberg, avdelingsdirektør og forhandlingsleder i Nærings- og fiskeridepartementet (NFD).

Følgande deltok i ordsiftet:

- Solveig Ege Tengesdal
- Trude Brosvik
- Jan Ove Tryggestad
- Tove-Lise Torve
- Alexander Rugert-Raustein
- Terje Søviknes

2. Næringsstrategi for Vestlandet

Innleiingar:

Styringsgruppas leiar Per Vidar Kjølmoen
Prosjektleder frå PwC Ingvill Flo

Følgande deltok i ordsiftet:

- Tove-Lise Torve
- Frank Sve
- Anne Gine Hestetun
- Natalia Golis
- Jan Ove Tryggestad
- Randi Walderhaug Frisvoll
- Trude Brosvik
- Solveig Ege Tengesdal

3. Vestlandsmeldingen 2021

Innleiing/presentasjon av meldingen v/Partner i Zynk, Sigurd Klyve Grytten og Frode Nergaard Fjeldstad, Agenda Vestlandet.

Følgande deltok i ordsiftet:

- Anne Gine Hestetun
- Solveig Ege Tengesdal
- Jon Askeland
- Natalia Golis
- Silja Ekeland Bjørkly
- Terje Sjøviknes
- Randi Walderhaug Frisvoll

Pause: kl. 12.20 – 12. 35

B Saker til behandling:

VR-sak 09/2021 Protokoll frå møtet i Vestlandsrådet 25. februar 2021

Fylkeskommunedirektøren legg fram saka med følgjande forslag til vedtak:

«Vestlandsrådet godtek protokollen frå møtet 25.02.21»

Vestlandsrådets vedtak:

Protokollen frå møte 25.02.202 samrøystes godkjent.

Fylkeskommunedirektøren legg fram saka med følgjande forslag til vedtak:

1. Vestlandsrådet legg til grunn at det blir ei fordeling av prosjekt og midlar til alle regionar, og at fylka i Vestlandsrådet får prosjekt og midlar som speglar fylka si verdiskaping. Fastlandseksport må vere eit prioriteringskriterium i NTP.
2. Vestlandsrådet er positive til satsinga på ferjefri E 39 i NTP 2022-2033, og ber om at dette må bli følgd opp i prioriteringane framover.
3. Tilskotsordninga for fylkesvegar må ikkje vere søknadsbasert. Ordninga må fordelast til fylka etter ein føreseieleg nøkkel, og eit eventuelt krav om eigenfinansiering må bli sett som innfridd ved bruk av fylkeskommunale midlar som allereie er avsett til vegvedlikehald.
4. NTP bør etablere ein nasjonal plan for skredsikring av riks- og fylkesvegnettet innanfor høg og middels risikofaktor. Plana bør ha finansiering og gjennomføring i løpet av ei tidsramme på 12 år.
5. NTP bør innehalde fleire statlege program for auka rammer til fylkeskommunane for:
 - a. overgang til nullutsleppsteknologi i kollektivtransporten (inkludert ferje og hurtigbåt)
 - b. generelle auka løyvingar til ferjedrifta
 - c. kollektivsatsing gjennom å kunne velje fleksible og miljøvenlege løysingar også i distrikta
 - d. overgang til lågutsleppsløysingar i bussdrift
6. NTP må innehalde finansiering for teknologiskifte for luftfart på FOT-rutene. Kva ruter som vil inngå i FOT-ordninga frå 1. april 2024 bør bli avklart så snart som mogleg.
7. Teknologi og innovasjon i transportsektoren må få ein større plass i NTP, og fylkeskommunane må vere ein del av ordningane. Dette gjeld teknologiutvikling til sjøs og generelt, med nødvendige stimuleringsmidlar og betydning for næringsutvikling og kompetansebygging.
8. Fylkeskommunen må delta i porteføljestyring av relevante tiltaksområde.
9. Tilskotsordninga for regionbyane må vere eit langsiktig reiskap for klima- og miljøvennleg byutvikling i regionbyane gjennom heile planperioden, og ikkje bli avgrensa til eit fireårig tiltak.

I løpet av planperioden bør det bli vurdert om ramma bør aukast, og om midlar til drift av kollektiv bør bli innarbeidd i ordninga, for å bidra til at nullvekstmålet blir nådd.
10. Stad skipstunnel må bli følgd opp vidare i årlege budsjettløyvingar. Støtte- og incentivordningar for overføring av gods frå veg til sjø og bane må bli vidareført og styrka.

Vestlandsrådets behandling:

Følgande deltok i ordsiftet:

- Marte Hammer
- Natalia Golis
- Solveig Ege Tengesdal
- Silja Ekeland Bjørkly
- Frank Sve
- Alexander Rugert-Raustein

Alexander Rugert-Raustein sette fram følgande protokolltilførsel:

Natalia Antonia Golis (MDG) og Alexander Rugert-Raustein (MDG) er imot ferjefri E39. Men sidan Vestlandsrådet er eit konsensusorgan og ein i rådet representerer fleirtaksvedtak i fylket, så stemmer Natalia Antonia Gulis og Alexander Rugert-Rausten for heile uttalen, sjølv om dei er imot punkt 2 som omhandlar ferjefri E39.

Marthe Hammer (SV) og Frank Sve (Frp) la inn krav om eigen votering over pkt. 2.

Avstemming:

Punkt 1-3-4-5-6-7-8-9-10: Samrøystes vedteke.

Punkt 2: Vedteke mot 2 stemmer, Marthe Hammer (SV) og Frank Sve (Frp).

Vestlandsrådets vedtak:

Forslaget til vedtak samrøystes vedteke, med unntak av punkt 2, som vart vedteke mot 2 stemmer.

VR-sak 11/2021 Rapport om NORA 2020 og Handlingsplan 2021

Fylkeskommunedirektøren legg saka fram med følgande forslag til vedtak:

«Vestlandsrådet tek saka om NORA – rapport for 2020 og handlingsplan for 2021 – til orientering».

Vestlandsrådets behandling:

Merknad/forslag frå Solveig Ege Tengesdal:

NORA inviteres til eit møte med Vestlandsrådet for å orientere nærare om NORA's arbeid, og korleis dette blir opplevd i andre medlemsland, t.d. Island.

Vestlandsrådets vedtak:

Forslaget til vedtak samrøystes vedteke..

VR-sak 12/2021 Referatsaker

1) Referat frå møte i AU 16. mars 2021

- 2) Referat frå møte i AU 4.mai 2021
- 3) GIEK/Eksportkreditt
- 4) TEN-T
- 5) Notat frå møtet med samferdselsministeren
- 6) Notat frå møtet med leiaren i Transport- og kommunikasjonskomiteen
- 7) AU hadde i tillegg til møta 16/3 og 4/5 eit «fjernmøte» 23. april for å godkjenne uttalen om TEN-T (AU-sak 12/2021)

Fylkeskommunedirektøren legg saka fra med følgende forslag til vedtak:

«Vestlandsrådet tek saka til orientering».

Vestlandsrådets vedtak:

Forslaget til vedtak samrøystes vedteke.

VR-sak 13/2021 Eventuelt

Oppfølging av næringsstrategien for Vestlandet:

Vestlandsrådets behandling:

Rapporten frå prosessen med Næringsstrategi for Vestlandet blir ferdig medio juni 2021. Vestlandsrådet ber styringsgruppa førebu ein presentasjon der rapporten blir lansert offentleg i løpet av juni månad. Vestlandsrådet skal inviterast til presentasjonen.

Vestlandsrådet ber om å få formell sak til behandling i Vestlandsrådet sitt møte 2. september 2021. Om mogleg blir dette møtet eit fysisk møte.

Fylkesordførarane blir bede om å koordinere informasjon om næringsstrategien til dei respektive fylkestinga, slik at rapporten og resultatata frå prosessen blir forankra på høgste politiske nivå i fylka.

Møtet slutt kl. 13.15.

Ref. v/sekretariatet

- Dagfinn Aasen
- Christian Tollefsen Aasen